

KVITSEID



SOKNERÅD

ÅRSMELDING 2020



Drive-in-gudsteneste i mai.

Gamalt og nytt på Kviteseid gamle kyrkje



ÅRSMELDING 2020

1. KORT OPPSUMMERING

Kyrkja har som i samfunnet elles dette året vore i ein situasjon som vi aldri før har opplevd, med stengde kyrkjer eller strenge restriksjonar det meste av året. Det har prega oss på alle måtar.

Gudstenester var ei tid avlyst, før kyrkjene igjen vart opna, men med sterk avgrensing i talet på deltakarar og med strenge reglar for avstand. Dåp er lagt til eigne gudstenester, fleire vigslar er utsett til seinare i håp om å få samle fleire folk. Mange arrangement har blitt arrangert med få om nokon til stades og sending på digitale flater. Her har organisten vore til uvurderleg hjelp.

Mange diakonale tiltak er avlyst.

Besøktala er derfor sterkt redusert dette året, og det same er ofringane.

Smittevernreglane regulerte talet på deltakarar i gravferder sterkt. Men det har heller ikkje vore så få dødsfall i Kviteseid i vår tid. Vi fekk berre 14 dødsfall, men 8 urnenedsettingar, fleire enn nokon gong før.

Staben har vore i arbeid heile året. Ein kort periode hadde nokon i staben heimekontor.

Vi fekk ny trusopplærar og ny vikar som fagarbeidar frå august.

Økonomi:	Drift	Investering
Budsjett 2020 (inntekter)	Kr 4.874.000	Kr 1.835.000
Tilskot utbetalt frå kommunen	Kr 3.429.000	Kr 1.000.000
Rekneskapsresultat (- = overskot)	Kr - 190.220	Kr 23.076

2. MÅLSETJING OG ANSVAR

Kyrkjelova frå 1996 gjaldt ut 2020. Etter den har soknerådet mellom anna ansvar for:

§9 «skal (soknerådet) ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpert»

Konkrete oppgåver er mellom anna:

- kyrkjeleg undervisning, kyrkjemusikk og diakoni m.m.
- innsamling av midlar til eiga verksemd
- førebu og gjennomføre kyrkjelydsmøte etter §10

§14:

- *Drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar (kyrkjegardar).*
 - Kviteseid har i alt 6 kyrkjer og 7 gravplassar (kyrkjegardar): Kviteseid, Kviteseid gamle kyrkje, Brunkeberg, Vrådal (+Roholdt), Fjågesund og Kilen.
- *Stillingar / personell.*
 - Kviteseid sokn har 6 tilsette. Året starta med 3,85 årsverk, fordelt på ei kvinne og 5 menn, og slutta med 3,7 årsverk og berre menn. Soknerådet vurderer arbeidsmiljøet i verksemda som godt.
 - Soknepresten er tilsett og løna av bispedømmerådet, men er ein naturleg del av staben i tillegg til dei som er nemnt i punktet over.
- *Administrative og økonomiske oppgåver i soknet:*

- Soknerådet utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda, forvaltar inntekter og formue etter lov og vedtak, og tek vare på soknet sine interesser. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av soknerådet sitt tilsynsansvar, vert utførte av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjevevja er dagleg leiar for verksemda og er sakshandsamar for soknerådet.

3. SOKNERÅDET SINE MEDLEMER

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen og Sigrun Garvik Moen (sekretær)

Vararepresentantar: 1. Vigdis Helene Bruhaug, 2. Aud Turid Fjågesund, 3. Inge Waldenstrøm,

4. Eva Lisbeth Lier og 5. Jan Rune Bjørnson

Sokneprest: Møyfrid Lunde.

Kommunerepresentant: Bjørn Nordskog med vara Jonn Foldøy.



Marit Gotuholt, leiar

4. SAKER I SOKNERÅDET

Soknerådet har i 2020 handsama 68 saker fordelt på 7 møte.

Arbeidsutvalet (AU) hadde 4 møte og handsama saker som skulle opp i soknerådet.

Her fylgjer stikkord frå sakene for kvart møte i 2020:

22. januar: Vedtak om budsjett for drift og investeringar i 2020. Årsplan, årshjul og strategi-arbeid. Årssamtale med prosten. Val av representantar til ymse oppgåver.

26. februar: Godkjenning av rekneskap og årsmelding for 2019. Førebuing til kyrkjelydsmøtet/årsmøtet. Om mogleg nytt tilskot frå Riksantikvaren, førebuing til årsmøte (soknemøte) og konfirmantfest

15. april: Årsrekneskapen ferdig revidert vart lagt fram og godkjend, og årsmeldinga vart justert på rekneskapsresultat. Lydanlegg i Fjågesund kyrkje. Tilsetjingsutval for ny trusopplærar. Tiltak under korona-epidemien. Visjon og fokusområde for soknerådet

3. juni: Revisjonsberetning for 2019. Gravplass for muslimar (sjå bilete >).


Mandat for kulturutvalet og revisjon av utleigereglement. 'Ønsket og Elsket', og konfirmantarbeid. Endring av gudstenesteplanen. Tilsetjing av trusopplærar. Komité for kyrkjelydsbasaren og retningsliner for fellesmøtekomiteen.

26. august: Forslag til driftsbudsjett 2021 og forslag til investeringsplan 2021-2025. Trusopplæringsplanen. Støttemur Brunkeberg.

Soknemøtet (årsmøtet) kunne ikkje haldast som planlagt 29. mars, men vart i staden 20. september.

30. september (i Brunkeberg kyrkje med besøk av kyrkjelydsutvalet der): Kyrkjelydsutvala. Opne kyrkjer på Allehelgensdag. Synfaring i og rundt Brunkeberg kyrkje. Evaluering av misjonsprosjektet frå 2017. Førebuing av nytt misjonsprosjekt for 2021-24. Gjennomgang og tilpassing av lokal grunnordning for hovudgudsteneista. Evaluering av soknemøtet og Økonomisaker.

18. november: Regnskapsrapport 3. kv. (via AU), Møte med tilsette. Gudstenesteplan for 2021. Misjonsprosjekt for 2021-2024. Ofringar 2021. Representant til årsmøte i Diakonaten. Gapahuk for



trusopplæring mm. Smitteverntiltak. Møteplan for SR 2021.

I tillegg var det på dei fleste møta mykje informasjon og meldingar, og rapportar om driftsrekneskap.

Alle referata frå soknerådet blir lagt ut på nettsida www.kviteseid.sokn.no. Der kan du òg finna alle referata frå 2016 til i dag, inkludert referat frå årsmøte.

5. TILSETTE

Soknerådet hadde ved utgangen av 2020 ansvar for 3,7 årsverk fordelt på 6 tilsette i arbeid.

- **Kristen Salmelid:** Kyrkjeverje i 100 % stilling. Starta febr. 2016.
- **Jan Gunnar Haugen:** 50 % stilling som fagarbeidar, mellombels utanfor arbeidslivet i den andre 1/2-parten (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar). Tilsett i år 2000, 20 år i same stilling.
- **Håkon Heggtveit:** 50 % stilling som fagarbeidar (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) -frå 2013 .
- **Zeljko Miskovic:** 50 % mellombels stilling som vikar for fagarbeidar frå vinter 2019 til sommar 2020.
- **Bjørn Stian Sigurdslid:** 50 % mellombels stilling som vikar for fagarbeidar frå sommar 2020.
- **Olav Holm:** Organist i 70 % stilling frå august 2019.
- **Brit Helen Finstad:** Hadde 65 % stilling til ho slutta sommaren 2020.
- **Knut Ove Lofstad:** Trusopplærar (50 %) (inkl. sekretæroppgåver 10 %) frå august 2020.



Bjørn Stian Sigurdslid med oppussing av graver bak gamlekyrkja.

Knut Lofstad til høgre

Sokneprest Møyfrid Lunde er ein sentral person i staben, men er tilsett av bispedømmerådet med arbeidsområde i Kviteseid og Seljord. Prosten er næraste overordna.

I tillegg har vi stillingar delt med andre sokn:

1. Prostidiakon Eilev Erikstein som er delt på sokna i gamle Vest-Telemark prosti (u/ Seljord): Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Bispedømmerådet løna opphaveleg 50 %, men beløpet har stått uendra i mange år, så vår del blir større for kvart år. I 2020 var den kr 111.000.
2. To deltidsstillingar i konfirmantarbeidet 'Ønsket og Elsket': Ragnar Nørstrud (25 %) og Caroline Bringsås (30 %). Økonomisk blir lønsutgiftene delt på dei fleste sokn og fellesråd i Øvre Telemark prosti. Vår del i 2020 var kr 16.163.

6. VEDLIKEHALDSARBEID OG PROSJEKT MED BYGG OG ANLEGG

6.1. Investeringsprosjekt:

- Reparasjon av ringjeklokka i Kviteseid gamle kyrkje (kr. 109.000)
- Nytt flistak på Brunkeberg kyrkje-tårn blei lagt på taket i 2020 (kr. 259.000)
- Stort rehabiliteringsarbeid på taka og våpenhuset på Kviteseid gamle kyrkje. Nytt med takrenner. (Tilskot frå Riksantikvaren på kr 420.000. Samla kostnad i 2020 kr 1.020.000.) Sjå bilete på framsida.
- Carport ved bårhuset i Kviteseid og renovering av toaletta vart ferdigstilt. (kr. 367.000)
- NYTT brannvarslingsanlegg og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje var ferdig i des. 2019, med litt etterarbeid og fakturering fyrst i 2020 (kr. 311.000)
- Støttemur til kyrkjegarden i Brunkeberg, vart påbegynt og nesten ferdig i 2020, men ferdigstilt og betala i 2021 (inv.budsjett, kr 108.000)
- Prosjektering frå Sweco for takkonstruksjon 2021 (kr 92.000 ble ført på drift i 2020, men korrigert til investering)



Aksen Andersen og Mushtaq Al-Dulaimi i Brunkeberg. Halvor Bjåland var også med på dette arbeidet

6.2. Nytt og reparasjon av inventar, utstyr og anna

- Kjettingar til Krameren (minidumper). Ei sidedør øydelagt og erstatta to gonger.
- Verktøy batteridrive (drill, stikksag, senkesag, multiverktøy, vinkelslipar, grastrimmar og batteri, tot. kr 22.000)
- Metalldetektor (for å finne fastmerke på gravplassane)
- Ny grasklyppar, Husqvarna AWD med aggregat (kr 96.000)
- Spotljøs til Kviteseid kyrkje
- Ny dør på sakristi i Vrådal
- Utbetring av vegg på bårhuset i Vrådal, samt ny dør til verkstaden der.
- Nye led-ljos-kastarar til kyrkjene i Kviteseid og Brunkeberg. (Vrådal og Fjågesund i 2019) og ny jordkabel i Kviteseid (ofte jordingsfeil på gamal)
- Flytta omnar i Kviteseid kyrkje for koronatilpassing av benkar.
- Lydutstyr med teleslynge er montert i Fjågesund kyrkje.
- Kontoret: Nye PC'ar til prest, kyrkjevevje og trusopplærar.
- Rep. av piper på orgelet i Brunkeberg. Orgelstemming og pianostemming (årleg)
- Museinvasjon i Vrådal kyrkje har øydelagt mykje, mellom anna pianoet, nokre sitteputer og ei konfirmantkappe, og det mest uerstattelege; den grønne messehagelen. Det er kostbart handarbeid og uvisst om den kan reparerast. Muse-skremmarar ble innkjøpt og dører og andre hol forsøkt tetta. Forsikringa dekkar ingenting forårsaka av skadedyr.



Messehakelen øydelagt av mus. Dette er eit av mange hol

6.3. Dugnad og arbeid på kyrkjegardane:

Det vart som vanleg utført annonsert oppryddingsarbeid og dugnad på kyrkjegardane i mai. Takk til alle som deltok. I Fjågesund er dugnaden rundt kyrkja og ikkje på kyrkjegarden.

Avtalar om planting og stell: Vi hadde 35 langtidsavtaler (legat-avtaler), deriblant to nye, og 10 sesongavtaler.

7. ØKONOMI

Hovudinntekta til soknerådet er tilskot frå kommunen. Til trusopløring kjem tilskot direkte frå staten. Anna inntekt er hovudsakeleg festeavgift, kollektar, trekk frå gravlegata, jolemesse, gåver til kyrkjebladet, faste gåver, momsrefusjon og sjukelønsrefusjon.

Rammeoverføringa frå kommunen til drift var i 2020 på kr. 3,429 mill., mot kr. 3,406 mill. i 2019. Tenesteytingsavtala var framleis på kr 148.00.

Driftsrekneskapen for 2020 enda med eit mindreforbruk (overskot) på kr 190.220.

(2019: 0,- etter reglar om stryking, 2018: Overskot kr 105.135, 2017: Underskot kr 114.619) Dei største avvika er mindre utgifter til straum og konfirmantleir. Leiren vart avlyst grunna smittevern.

Investeringar vart gjort for til saman kr. 2.130.957 og enda med eit udekka investering på kr 23.076 i høve til revidert budsjettet. (Det vil seie underskot på kr 23.076 som må dekkjast inn i 2021.)

Balanserekneskapet viser sum Eigedelar (anleggsmidler og omløpsmidler) er kr 12.144.219. Dette balanserar med sum eigenkapital og gjeld. Det er ein auke på kr 1.562.685 frå året før.

Vi viser elles til den fullstendige rekneskapen for soknerådet for 2020 som blir orientert om på soknemøtet.

Ofringar i 2020 vart betydeleg lågare enn tidlegare år. Grunnen er at det vart halde langt færre gudstenester enn vanleg grunna smittevernforskrifter.

Frå Knif Trygghet Forsikring fekk vi kr 200.000 for sikringstiltak gjort på kyrkjene dei siste åra. Dette er ført på investeringsrekneskapen.

8. SOKNERÅDET SITT ARBEID

8.1. Gudtenestelivet i soknet

Gudtenestelivet dette året kan vanskeleg samanliknast med noko anna år.

Gudstenesteplanen for Kviteseid sokn byggjer på ei forordning frå biskopen på 52 gudstenester per år. Dei har vore fordelt på sundagar og høgtidsdagar gjennom året i dei seks ulike kyrkjene. Etter tradisjonen har det vore gudsteneste i fleire av kyrkjene 1. påskedag, 17. mai, joleftan og 1. joledag. Ein sundag i månaden er det ikkje gudsteneste i soknet.

På grunn av restriksjonar med omsyn til smittevern, avlyste biskopen gudstenestene frå og med 15. mars til og med 17. mai i vårt bispedøme. Konfirmasjonane for våren vart utsett til hausten. Frå 24. mai og ut året gjaldt ulike anbefalingar om smittevern som sette grenser for kor mange vi kunne samle til gudsteneste, kva for avstand som skulle gjelde mellom dei som ikkje bur i same husstand, korleis vi kunne eller ikkje kunne forvalte sakramenta med meir.



Vi har etter beste evne forsøkt å gje eit tilbod om gudstenesteliv etter desse rammene som har vore gjevne sentralt av regjering, folkehelseinstituttet, kyrkjerådet og biskop, samt lokalt av kommuneoverlege og prost. Som stab har vi utvida repertoaret vårt i høve til erfaring på nye arenaer. Vi har hatt gudsteneste og andakt digitalt på Facebook og strøyma via YouTube. I påska fekk organisten til eit samarbeid med misjonskyrkja og pinsemenigheten i Kviteseid om å strøyme kvar sin dag frå same kanal. Presten inngjekk òg i eit samarbeid i Øvre Telemark prosti om daglege andaktar og felles digitale gudstenester i den perioden det ikkje var ope for å møtast fysisk til gudsteneste. Vi har elles hatt ei drive-in-gudsteneste med radiooverføring til nærradio. Friluftsgudstenester har vore opne for fleire deltakarar, og vi utvida difor talet på friluftsgudstenester frå tidlegare. Gudstenesta på Kviteseid dagen vart såleis halden utanfor Utsondhalli med dåp og det heile, der resten av programmet for dagen heldt fram etterpå. Det var også invitert til ei drive-in-gudsteneste for båtar i strandkanten nedanfor gamlekyrkja. Denne vart likevel flytta inn pga. vêret som vart varsla på førehand.

Joleftan og joledag flytta vi gudstenestene i Vrådal til konferansesalen på Straand hotell for å ha plass til inntil 50 deltakarar. I Kviteseid sette vi opp ei ekstra gudsteneste og strøyma i tillegg den siste.

Frå november hadde vi tilbod om påmelding til gudsteneste via nettsida eller telefon. Føring av smittevernlistar og det å følgje opp smittevern på den einskilde gudsteneste har kravd noko ekstra både for prest, kyrkjjetenar og kyrkjeventar. Men alle har vore fleksible og teneste-villige for å få dette til å fungere.

I nokon grad har vi tatt trusopplæringstiltaka ut av gudstenesta for å halde talet på gudstenestedeltakarar innafør reglane. Av same grunn har vi latt vere å invitere kor til gudstenester der dei elles skulle ha deltatt. Vi har prioritert å la konfirmantane gjere teneste som ministrantar, og mange frivillige har vore medverkande som klokkar, tekstlesar, kyrkjevent, forbedar, delteke med solosong og musikk mellom anna.

I perioden frå mars til desember har vi hatt fleire dåpsgudstenester der berre familien har vore til stades. Familiane har i stor grad vore nøgde med dette tilbodet. Vi har då opplyst om dåpen neste gong kyrkjelyden har vore samla for å minne om kyrkjelydens ansvar for den døypte.

Statistikken for gudstenester dette året ber sjølvsagt preg av dei restriksjonar som har vore gjeldande. I tillegg til dei som vi kan telje som frammøtte, har vi gjennom digitale sendeflater nådd ut med gudstenestetilbod til fleire.



Frå gudsteneste i januar, der born er samla slik vi helst vil sjå dei.

8.2. STATISTIKK

	2020	2019	2018	2017	2016
Gudstenester (inkl. i institusj.)	40	61 (2)	62	61	71
<i>Kviteseid (inkl. Kv.Gamle..), dåp + Skule/Barnehage + Kveldsmesser, juli</i>	22, 3 1 0	24 3 4	24+9	24+9	34
<i>Brunkeberg, dåp +Skule/Barnehage</i>	13, 2 1	11	10	10	14
<i>Vrådal +Skule/Barnehage</i>	7 1	11 1	12	10	13
<i>Fjågesund og Kilen</i>	5	7	7	8	10
Dåp	13	11	17	22	16
Konfirmasjon	11	22	18	24	20
Vigsler	2	8	5	4	3
Gravferder	15	25	21	37	36
Innmelde - utmelde	0-6	2 - 9	3 - 4	2 - 10	1 - 16
Medlemmer totalt deriblant tilhøyrande	1814 39	1814 43	1842 46	1840 47	1845 45
% medl. i Dnk	75,5 %	75,5 %	76,5 %	75,6 %	75,6 %
Av innbygg. i kommunen ved utg. av 3. kvartal (SSB)	2403	2402	2408	2433	2440
Andakter på KOS og Midts.t.	11 + 12	10 + 9	9	9	15 (anslag)
Kulturarrangement	5	10	6	5	3
Deltakarar på ant. arr. (Gudst., andaktar, konsertar, frå SSB-rapporten)	2241 - 59	4601 - 65	4861 - 67	5240 - 72	6872 - 92 (92 =anslag)
Gjennomsnitt frammøte forordna gudstenester	42 1861 / 44	76	71		
Registrerte frivillige *	134	70	71	120	90
Kyrkjeofringar	141 000	257 000	226 000	185 000	214 000
<i>Til kyrkjelydsarbeidet</i>	38 000	78 000	49 000	51 000	44 000
<i>Misjonsprosjektet</i>	23 000	31 000	26 000	24 000	30 000
<i>Andre eksterne</i>	80 000	148 000	151 000	110 000	140 000
Andre innsamlingar	83 000	89 000	93 000	94 000	96 000
<i>Jolebasaren</i>	50 300	41 000	52 000	48 000	55 000
<i>(Trusoppl.+misjonsprosj.)</i>	(35'+15')	(26'+15')	(32'+20')	(33'+15')	(40'+15')
<i>Fasteaksjonen** (bøsser)</i>	33 000 (1700)	48 000	41 000	46 000	41 000
Andre gåver	116 000	119 000	75 000	52 000	21 000
<i>Kyrkjebladet</i>	34 000	48 000	54 000	52 000	21 000
<i>Faste gåver til eige arbeid</i>	82 000	71 000	21 000		

* Ny god oversikt over alle frivillige i soknet frå og med 2020 **Vart berre digital.

8.3.Trusopplæringa «Størst av alt»

Tilsette: Brit Helen Finstad var trusopplærer og sekretær i 65 % vikarstilling til og med juli 2020. Knut Ove Lofstad vart tilsett i 50 % oppseieleg stilling frå 1.august. I stillinga inngår administrasjon, planlegging og gjennomføring av tidsavgrensa bredde-tiltak, oppfølging og besøk i grupper og deltaking i konfirmantarbeid. 10 % av stillinga går med til sekretæroppgåver som å lage plakatar, annonsering og rapportering m.m.

Trusopplæringsutvalet: Vidar Syrtveit Mikalsen (leiar), Møyfrid Lunde, Knut Ove Lofstad (frå august), og Sigrun Egeland. Utvalet har i 2020 hatt tre møte på våren og fire på hausten.

Saker utvalet mellom anna har arbeidd med i 2020:

- Oppstart av speidargruppe. Speidargruppa vart starta utpå hausten og er eit samarbeid mellom Kviteseid sokn og Kviteseid misjonskyrkje (Betel). I haust har det vore 4 speidarsamlingar, med eit oppmøte på ca. 20 stk. i snitt.
- Oppsetting av ein gapahuk ved Kviteseid kyrkje. Mot slutten av året vart saka tatt opp på soknerådsmøtet. Soknerådet støttar trusopplæringsutvalet i prosjektet. Det vart oppretta ei lita arbeidsgruppe som skal jobbe med prosjektet i samarbeid med trusopplæringsutvalet. Planen er at gapahuken skal stå ferdig sommaren 2021. Sparebanken Sør har gjeve kr 10.000. I 2021 skal det søkjast om støtte frå fleire instansar.
- Evaluering av trusopplæringsplanen. Utvalet skal gå igjennom planen, og vurdere kva som kan vera annleis, kva som kan vera vanskeleg å forstå, kva som kan formulerast betre osv. Dette arbeidet treng ikkje vera ferdig før 2022. Me har altså god tid på dette arbeidet.

Medlemmer og døypte:

Vi får tilskot til trusopplæring ut frå 231 barn mellom 0-17 år som er medlemmer (medrekna tilhøyrande 0-åringar).

13 born vart døypte i 2020, ein av desse var konfirmant. Ikkje alle er busett her i kommunen.

Tidsavgrensa bredde-tiltak:

- **Utdeling av dåpsgåver.** (%-tala er av dei døypte)
 - 1-3 år – 10 av 30 (33%)
 - Det var to barn som ikkje var til stades, men besteforeldra deira møtte opp for å ta imot gåva. Så totalt 12 gåver blei delt ut.
- **Utdeling av 4-årsbok** med samling før gudstenesta. Kviteseid kyrkje 27. august – 9 av 16 (56%)
- **Utdeling av adventskalender til 5-åringar.** Gapahuken på Straumsnes 29. november. – 2 av 10 (20%)
- **Tårnagentsamling** (4.-5. kl.) var nytt av året.
- **Tårnagentane** (3.-4. kl.) **og Lys våken** (5.-6. kl.) har vi annakvart år. Vi hadde samlingar i 2019 og skal etter planen ha i 2021.

Anna aktivitet:

Trusopplæringsutvalet hadde førebudd og invitert til familiesamling med Jarle Waldemar 18. april. Same dag skulle han òg ha seminar for frivillige leiarar i barne- og ungdomsarbeidet. Dette måtte vi avlyse då samfunnet var ned-stengt.

I staden jobba trusopplæringsutvalet med korleis vi som kyrkje kunne vere til hjelp for barnefamiliar som var hardt pressa då både barnehagebarn, skulebarn og foreldre skulle gjere alt heime. Vi valde å dele ut ei påskepakke til alle familiar med barn i alderen 2-8 år. Den inneheldt klistremerkebok om påska, lokalt laga biletlotto frå tre av kyrkjene og sundagsskulebladet «Barnas» mellom anna. I brevet

som låg ved inviterte vi familiene til å dra ut på tur og nytta postar for påskevandring som vi hadde laga og hengt opp på tre av kyrkjegardane.

Seinare på våren laga vi ei ny postløype med tema Kristi himmelfartsdag og pinse. Denne hengde vi opp langs gangvegen til Ågapet.

Trusopplæraren har invitert til nokre opne spelekvevdar i kyrkjestova i Brunkeberg i vårhalvåret. Dei vart lite besøkt. Elles prøvde trusopplæraren i vår å halde kontakt med ungdommar via Instagram.

Kontinuerlege grupper:

- **Småbarnstreff med sangstund** på Misjonshuset annankvar torsdag. 0-3 år. Ansvarleg: Ellen Eggebø Jore. Ikkje gjennomført store delar av året.
- **Sundagsskule.** 6 samlingar i 2020 i Bornas kapell i Kviteseid under gudstenestene som ikkje er familiegudstenester. 2-11 år. Ansvarleg: Brit Helen Finstad (vår) og Knut Ove Lofstad (haust).
- **Barnegospel.** Øver annankvar torsdag på misjonshuset. 5-8 år. Ansvarleg: Liv Solveig Liodden Sørbo og vår organist Olav Holm. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ikkje øvingar store delar av året.
- **Unge røyster.** Øver annankvar måndag på misjonshuset. 9-12 år. Ansvarleg: Elise Foldøy. Song på gudstenester og andre møte. Tilslutta Normisjon. Ikkje øvingar store delar av året.
- **3 idrettsgrupper** på Kvitsund Gymnas. Tysdagar og torsdagar. 6-9 år, 10-12 år og 13-15 år. Ansvarlege: Ellen Eggebø Jore, Ellen Rannestad og Anders Nødland Danielsen. Tilslutta NLM. Utan aktivitet store delar av året.
- **Yngres i Vrådal.** Annankvar tysdag på bedehuset på våren, og på Straumsnes oppvekstsenter frå hausten 2020. 10-15 år. Ansvarleg: Astrid Breivik. Tilslutta NLM. Utan aktivitet delar av året.
- **Kviteseid Soul Children.** Øver annankvar tysdag i Kviteseidhallen. 12-15 år. Ansvarleg: Olav Holm. Tilslutta Normisjon. Digitale samlingar når dei ikkje kunne møtast.

Konfirmant-arbeid:

- 11 konfirmantar følgde undervisninga i vår. Det er alle dei døypte i det årskullet. Vi hadde lokale undervisningssamlingar torsdagar etter skuletid og gjekk pilegrimstur frå Brunkeberg til Kviteseid på hausten. Fasteaksjonen vart digital grunna korona-epidemien. Konfirmasjonane vart også utsett til hausten. Samtalegudstenesta og konfirmantfesten vart avlyst. I staden filma me samtaler med konfirmantane som vart vist på konfirmasjonsgudstenestene. Konfirmantane har delteke som ministrantar på gudstenester og alle 11 vart konfirmerte i kyrkja.
- Me starta opp undervisning hausten 2020 med 22 konfirmantar. 21 av desse høyrer til kyrkja og ein følger undervisninga. Konfirmantundervisninga gjekk som planlagt resten av året.

Ønsket og elsket:

- Sommarleiren måtte utsetjast til neste vinter på grunn av korona.
- Konf-treff i Seljord vart av same grunn avlyst.
- Dessverre blei det ikkje gjennomført Kick-off. i Seljord dette året på grunn av korona.
- To tidlegare konfirmantar melde seg til leiarkurset til «Ønsket og Elsket». Leiarpogrammet vart sterkt redusert på hausten grunna pandemien.

8.4. Misjonsprosjekt:

Kyrkjelyden hadde 'Samfunnsutvikling i Nepal' via Normisjon, som sitt misjonsprosjekt. Der støtta vi Liv Wendel sitt arbeid blant kvinner og born i Bajhang-provinsen. Avtala var på kr 35.000 pr. år. Det vart i 2020 samla inn og sendt kr 38.000 til dette, inkludert kr 15.000 frå jolebasaren (2019: tot. kr 46.000)



8.5. Diakoni:

Årsmelding frå diakoniutvalet v/ Kirsti Skjæveland:

Desse er med i Diakoniutvalet: Gunhild Dobbe, Kirsti Skjæveland, Åsa Wendel, Hege Jønholt, Hanne Roholdt, Marit Sørby, Reidun Torsdalen og Reidun Fisketjønn

Aktivitetar i 2020:

- Diakoniens dag: 5. januar. Kyrkjekaffi
- Føremiddagstreff: Det var fire treff på Misjonshuset. Tre treff, samt midtsommartreffet på Bygdetunet vart avlyst.
- Besøkeneste: Møte med Elisabeth Riis i heimesjukepleia 27. januar. Møte med Eilev Erikstein 15. oktober i Kviteseid kyrkje.
- Konfirmantane: Konfirmantane fekk mat og drikke før dei starta undervisninga.
- Midtsundtoppen: Diakoniutvalet var på besøk med mat og kaffi 11. februar. Resten av året vart avlyst.
- Bebuarane på Lundenjordet: Førjolsfest og vårfest vart avlyst.
- Helgemesse 1. november: Diakoniutvalet sende ut invitasjon til dei som hadde mista nokon det siste året. Etter gudstenesta vart alle invitert til samling på Misjonshuset der det vart servera mat og drikke. Møyfrid Lunde og Eilev Erikstein var til stades. Song og musikk ved Jan Haugen. Det var open kyrkje frå 16:00 – 18:00
- Besøk med blomehelsing: Diakoniutvalet var på besøk til dei som fylte heilt- og halvrunder tal frå 80 år.
- Adventssamling for eldre i Kviteseid kyrkje: Onsdag 9. desember. Servering av mat og kaffi i benkane. Andakt ved Møyfrid Lunde. Song og musikk av Kristin Kleiv, Jan Haugen, Olav og Ane Holm og to jenter frå barneskulen.
- Opne kyrkjer på Allehelgensdag: 4 av kyrkjene var opne med folk frå diakoni/kyrkjelydsutval til stades. Tilbodet vart nytta til ein viss grad.
- Strikkekafe på Kos: Etter møte med leiar Elise Foldøy, Møyfrid Lunde, Hanne Roholdt og Kirsti Skjæveland blei det starta strikkekafe på Kos kvar 4. veke. Hanne Roholdt ringer til Kos dagen før for å gje beskjed om kven som kjem. Britt Ingebretsen er også med på strikkekafeen. Diakoniutvalet ynskjer å vera ein ressurs for bebruarane.

Godhetsveka 2020 var gjennomført 6.-12. mai i samarbeid med dei andre forsamlingane i Kviteseid: Kviteseid Misjonskyrkje (Betel), Kviteseid Normisjon (Misjonshuset), Kviteseid Pinsemenighet (Fredheim). Grunna situasjonen landet var i, vart ikkje veka annonsert, men dei som hadde fått hjelp tidlegare vart kontakta. Det vart gjort mykje arbeid med mange gode medhjelparar. Godheits-gudsteneste i slutten av veka vart avlyst.




Prostidiakonen. I årsrapporten sin viser prostidiakon Eilev Erikstein til mykje godt arbeid nedlagt i 2020. Her er utdrag frå meldinga (legg fullstendig på vår nettside):



- Eilev har hatt 40 samtalar i Kviteseid i 2020.
- Delteke på Diakonidag i Kviteseid kyrkje og Helgemesse same stad.
- Andakt på eitt føremiddagstreff på Misjonshuset.
- Saman med ordførar Bjørn Nordskog vore ute og møtt folk på kaféen i Vrådalen og Waldenstrøm.
- Forretta i tre gravferder.
- I lag med miljøarbeidarar på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" 3 gonger med 20 deltakarar.
- Delteke på eit diakoniutvalsmøte.
- Vore med på vegleiingskveld for Besøkstensta i Kviteseid.
- Tre Etisk Refleksjonsamlingar på KOS. To samlingar for Heimesjukepleia.
- Delteke på tre samlingar i gruppa Optimistane, ei gruppe for dei som har kreft - tre samlingar med 39 deltakarar.
- Saman med soknepresten leia to Leva- vidare grupper (1 samling med 4 på våren, og 1 med 2 på hausten)
- Delteke på markering av Verdsdagen for psykisk helse på Kviteseid skule i oktober.
- Delt tankar på Allehelgenskonsert i Kviteseid kyrkje 8.nov

8.6. Kulturarrangement, spesielle messer og anna:

Gudstenester (spesielle)	
27. februar	Taizé-bøn i Kviteseid kyrkje
4 kveldsandaktar i Kviteseid gamle kyrkje vart avlyst då vi heldt gamlekyrkja stengd i 2020	
22. november	Diakoniens dag i Vest-Telemark. Fellesgudsteneste og samling i Vinjehuset
Felleskyrkjelege arrangement (Kyrkja, Betel, Fredheim og Misjonshuset)	
2. februar	Familiemøte på Misjonshuset med besøk av Linda Ardernach Johannessen
6.-8. mars	Møtehelg i Kviteseid. På Misjonshuset. Talar Leif Raustaul
Godhetsgudsteneste vart ikkje gjennomført grunna alternativ Godhetsveke	
27. september	Felles song-møte med lokale utøvarar i Kviteseid kyrkje
Bøn for Kviteseid på Betel siste onsdag kvar månad, vart gjennomført fleire gonger.	
Konsertar og liknande.	
29. mars	'Lyrikk og musikk' v/ Jan Haugen med fleire, vart avlyst
8. november	Allehelgenskonsert med Jan Haugen med fleire
4. desember	Adventskonsert i Kviteseid kyrkje med Kviteseid hornmusikk.
9. desember	Adventssamling for pensjonistar i Kviteseid kyrkje med innslag frå Jan Haugen

	og Kristin Kleiv, Mathea og Oline, Ane holm.
13. desember	Musikalkonsert i Kviteseid kyrkje med barnekora med fleire
18. desember	Klassisk jolekonsert i Kviteseid kyrkje ved Ingrid Elise Engeland m.fl.
Anna	
20. september	Soknemøte (årsmøte), i Kviteseid kyrkje (Flytta frå 31. mars)
9. april	Fasteaksjonen med innsamling til Kirkens Nødhjelp ved hjelp av konfirmantane og andre frivillige vart i 2020 berre digital.
Gullkonfirmantfest er berre annan kvert år med to årskull. Vi hadde i 2019 og planlegg for hausten 2021.	
22. november	Årsmøte i Diakoniet og verdiseinar. Dette året på Vinjehuset.
29. november	Kyrkjelydens basar på Misjonshuset vart òg annleis. På basardagen var det berre digital sending på Facebook inkl. ein digital basar.
	 <p style="text-align: center;"><i>Vår bod på jolesalgsmesse i Kviteseidbyen fredag 28.11</i></p>
	Til hovudtrekninga vart det seld lodd ved einskildpersonar: utanfor KIWI to laurdagar og på jolesalgsmesse. Mange frivillige deltok og resultatet vart bra.

8.7. Melding frå organisten v/ Olav Holm:

Ikkje før hadde ny organist byrja å kome inn i jobben, så blei samfunnet snudd opp-ned over natta. Korhelga på Norsjø med Soul Children 14.-15. mars blei det aldri noko av, og brått var organisten sin kalender nokså tom. Gudstenester, andaktar, korøvingar, bryllaup og til og med gravferder har det vore uvanleg få av i 2020. Kva gjer ein organist då?

Fyrst og fremst er det ei glede å arbeide saman med kollegane i kyrkja. Eg har ei oppleving av at me dreg i same retning, oppmuntrar og hjelper kvarandre, samstundes som det er klima for å snakke om ueinigheiter. Då er ein godt rusta om det kjem krisetider, og verksemda må leggjast om. For det var sjølv sagt det som skjedde. Me la ikkje ned kyrkja, men måtte gjere ting på nye og kreative måtar. Det er lett å få til det i eit ope og positivt kollegium. Det har og trass koronaen vore lett å be på friviljuge til ulike oppgåver knytt til song og musikk på gudstenester og andre arrangement. Det er eg særskilt taknemleg for. Eg håpar å kunne halde fram med det gode samarbeidet med friviljuge i song og musikk i kyrkjelyden i 2021.

Nokre typar arrangement har det vore færre av, men kvart enkelt arrangement har kravd meir planlegging og organisering. Organisten har fått brukt meir av den tekniske kompetansen sin enn han kanskje såg for seg då han sa ja takk til ei organiststilling.

Nokre gudstenester blei avlyst, men til gjengjeld blei fleire gudstenester og andakter vist på internett. Det er kanskje aktivitetane for dei eldre som har lidd mest under Korona, med færre andaktar på KOS og Midtsundtoppen, og ein god del færre føremiddagstreff. Desto hyggelegare og meir meningsfullt har det vore dei gongene me har fått det til.

Kviteseid barnegospel fekk ny leiar i haust, og Liv Solveig Liodden Sørbo gjer ein framifrå jobb. Underteikna si rolle her har berre vore å akkompagnere og hjelpe litt til saman med andre frivillige. Barnegospelen rakk trass koronaen å delta på tre gudstenester i 2020. I Kviteseid Soul Children er

underteikna framleis dirigent og altmoglegmann. Eg fekk god hjelp til mellom anna mat og andaktar frå ulike foreldre, og frå trusopplærar Brit Helen i vårhalvåret. Me heldt andaktar på zoom dei gongene i vår me ikkje kunne møtast, så aktivitetsnivået var nesten som normalt. Men framsyningar blei det få av i 2020. Me har no krympa monaleg; ved årsskiftet er me to entusiastiske medlemmer utanom underteikna.

Dei andre kora i bygda; Fredheimkoret, Ågapet og Unge Røyster hadde og sagt ja til å delta med song på ulike gudstenester i 2020, men det var berre Unge Røyster som fekk anledning. I tillegg fekk me slik som i fjor tromma saman eit eige liturgisk kor til høgtidsgudsteneesta på joledag. Eg håpar å sjå alle kora i Kviteseid på gudsteneste i løpet av 2021. Korarbeid gjev både åndeleg, musikalsk og sosial næring, både til leiarar, songarar og dei som høyrer på.

Det var ikkje mogeleg å avvikle julekonserten 3. sundag i advent på tradisjonelt vis. Men Kviteseid barnegospel, Unge Røyster og Kviteseid Soul Children deltok på ein eigen julemusikalkonsert. Korpset fekk og sin eigen konsert, og i tillegg samla Ingri Elise Engeland 5 dyktige musikarar til ein eigen, vakker klassisk konsert. Alle tre konsertane blei avvikla i Kviteseid kyrkje og strøyma for dei som ikkje kunne møte opp.

Våren 2020 sette soknerådet ned eit kulturutval med underteikna, Thorbjørn Salmelid Emdal og Toralf Grave. Me hadde det første møtet vårt i mai. Utvalet forvaltar mellom anna utleige og bruk av kyrkja til kulturføremål. Det har vore ei stor glede å ha fleire med på laget i arbeidet med kulturen i kyrkja. I tillegg til dei nemnde julekonsertane, var kyrkja vertskap for allehelgenskonsert med Jan Haugen og co i haust. Sjølv om konsertåret elles naturleg nok har vore stille, har me ikkje lege på latsida. Me er stolte av forslaget til kulturplan for Kviteseid sokn som me legg fram for soknerådet i løpet av våren 2021. Me har og laga eit informasjonsskriv som kan delast ut til kulturaktørar som er interesserte i å arrangere noko i Kviteseid.

Med ynskje og håp om meir kyrkjekultur, for fleire, i 2021!

Kviteseid i januar 2021, Olav Holm, organist

8.8. Kyrkjebladet

Kyrkjebladet kom òg i 2020 ut med fire nummer. Det blei 1 på våren og 3 på hausten. Redaksjonen bestod av Olav Mosdøl, Øyvind Jørgensen og sokneprest Møyfrid Lunde (redaktør). Dagfinn Køhn er korrekturlesar. Der Posten ikkje leverer bladet, blir det delt ut av frivillige.



Takk til alle for god innsats. Og vi er takksame for alle gode gåver i 2020:

	2020	2019	2018
På giro i kvart blad og litt på vipps, kom det inn totalt kr	34.000	48.000	57.000
Utgifter til å setje opp, trykke og sende ut dei 4 nummera var kr	88.000	78.000	55.000

8.9. Utval, komitear og representasjon

Kyrkjelydsutvala gjer eit godt arbeid med å ynskje velkommen i døra, syte for kyrkjekaffi og blomar til messene og ulike praktiske oppgåver ved andre tilstellingar. Dette året vart registrering av deltakarar i døra, ei viktig tilleggsoppgåve dei har utført med glans.

I 2020 har desse delteke i dei ulike utvala:

Brunkeberg: Anne Lise Råmunddal (leiar), Anne Dorthea Heggtveit Henriksen, Vigdis Helen Bruhaug, Eva Lisbeth Lier

Fjågesund: Aud Turid Fjågesund, Monica Haugstøl, Anette Rønningen og Gunn Karin Eikåsen

Kilen: Alternativt julebord etter gudstenesta i desember v/ Svein Asle Holberg måtte gå ut i 2020.

Kviteseid: Lisbeth Farmen Aabø (leiar), Kirsti Breidalen Skjæveland, Sigrun Moen og Solveig Løfgren.

Vrådal: Marit Sørby (leiar), Jan Gunnar Breivik, Astrid Breivik og Bjørg Nekstad.

Astrid Breivik fungerer også som fast, frivillig klokkar i Vrådal.

Andre komitear, utval og representasjonar:

- I komité for Godhetsveka 2020 møtte Magne Skjæveland og Kristen Salmelid for kyrkja.
- I komité for Fellesmøta 2020 møtte Møyfrid Lunde og Vidar Syrtveit Mikalsen.
- Fasteaksjonen hadde ein komité utnemnd av soknerådet, men då aksjonen berre blei digital, vart det mest trusoplærar Brit Helen Finstad som tok seg av aksjonen her lokalt.
- Marit Gotuholt var soknerådet sin kontakt mot Kirkens SOS i Telemark.
- Hanne Julie Roholdt og Unni Snaunes var soknerådet sine utsendingar til årsmøtet for Diakonaten i Vest-Telemark.
- Gudstenesteutvalet starta sitt arbeid med mellom anna å fordele ofringane på gudstenestene for våren 2021. Utvalet består av Astrid Breivik, Olav Holm, Dagfinn Køhn og Møyfrid Lunde.
- Kulturutvalet består av Olav Holm, Toralf Grave og Thorbjørn Salmelid Emdal.
- Soknerådet sin representant i Prostirådet er Gudrun Nordbø Venås.

9. GODKJENNING

Årsmeldinga vart handsama av soknerådet den 3. mars 2021 med mellombels rekneskapstal og før revisjon. Den utgåva av årsmeldinga vert lagt fram for soknemøtet.

I denne utgåva er tala frå ferdig rekneskapen som er levert ferdig 08.03.2021, oppdatert.

Regnskapet er revidert pr 12.04.2021. Merknader frå revisor til årsmeldinga, er tatt med her.

Soknerådet godkjende årsmeldinga på sitt møte 14.04.2021.

Kviteseid, 14.03.2021

Marit Gotuholt

Møyfrid Lunde

Kristen Salmelid

Leiar

Sokneprest

Kyrkjeverje